



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**



**Gloppen kommune**

## **Evaluering av Norsk Countrytreff**

### **Måloppnåing som knutepunktfestival**

#### *1. Innleiing*

Kulturdepartementet har invitert tilskotspartane til å gi ei vurdering av måloppnåing for knutepunktinstitusjonen Norsk Countrytreff (NCT) med utgangspunkt i knutepunktkriteria. Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune (frå no kalla vi) gir ei sams evaluering. Bakgrunnen for evalueringa er St.meld. nr 10 (2007-2008) «Knutepunkt» der ein i kapittel 4 gir ei rimeleg detaljert oversikt over kva som vert forventta av ein knutepunktinstitusjon. Vi vil halde oss til desse kriteria i evalueringa og runde av med ei vurdering som tek i vare kommunen sine oppfatningar og behov som vertskommune og fylkeskommunen sine vurderingar i høve til regional verdi.

Vurderingane våre tek omsyn til at knutepunktstatus vart gitt i september 2011, med verknad frå 2012. Vi ser difor at NCT framleis har utviklingspotensiale innan knutepunktinstituttet som grunnast i at ein har hatt relativt kort tid på å bygge strukturar og samarbeid. Samtidig er det ein festival som har eksistert i 20 år og har bygd stein på stein til ein god festivalorganisasjon som gir eit godt rammeverk for vidare utvikling som knutepunkt.

Vi opplever at NCT er sjangertru i programprofilen sin, samtidig som dei viser breidde innanfor sjangeren. NCT har etablert seg som ein festival som byr på kvalitet både når det gjeld å møte publikum, artistar og lokale samarbeidspartar sine behov og forventningar. Ein slik opparbeidd tillit skaper energi for vidare utvikling, og styrkar festivalen sin integritet både når det gjeld fagleg kompetanse, formidlingsvilje og relevans i høve målgruppene.

Vi meiner at NCT fyller rolla som knutepunktfestival innan countrymusikk. Festivalen har eit reflektert syn på kva høgkvalitets breispektra countrymusikk er i dag, samstundes som festivalen er open for kva som kan vere med på å forme denne sjangeren i framtida.

#### *2. Vurdering av festivalen opp mot knutepunktkriteria*

##### *2.1 Heilårleg drift*

NCT har heilårleg drift, dei har 2 tilsette i 1,5 årsverk og ca. 700 på dugnad gjennom året. Festivalarrangementet i juli tek sjølvstekt mykje tid, men det er utadretta aktivitet heile året, mest synleg gjennom Norsk Countrytalent og diverse kompetansehevande seminar. Dei både deltek og arrangerer konferansar og seminar gjennom året, har eit omfattande samarbeid med næringsliv, frivillig lagsliv og frivillige frå heile regionen. Dei har ei lokal og regional forankring og bidreg i stor grad til mangfaldet i kulturlivet i Sogn og Fjordane.

Vi ser ei markant auke i talet på arrangement etter knutepunktstatusen med høvesvis 34 i 2011 og 43 i 2012.

##### *2.2 Kunstnarleg leiande*

Country er ein mangfaldig sjanger med stor breidde både i innhald og uttrykk, noko som NCT synleggjer gjennom eit mangfaldig og variert program med vekt på høg kvalitet. Innan bluegrass engasjerer festivalen kvart år nye artistar som høyrer til den absolutte toppeliten innan sjangeren. Programmet dei siste åra har hatt ei rekkje artistar og grupper i toppsjiktet innan country, samstundes som også sjangerbreidda har blitt synleggjort og sjangerkompetansen aukar.



NCT er kunstnarleg leiande innan formidling av eit variert utval av norsk og internasjonal musikk innan countryfeltet. Leiaren i Norsk Countrymusikkforbund, Roger Wernerson, seier til Aftenposten i samband med tildelinga av knutepunktstatusen, m.a. «*at han ikke ønsket å fremheve noen spesielle av de tre festivalene som hadde søkt. - Vi har et veldig godt forhold til alle festivalene. Men Breim er absolutt den oppgaven de nå har fått, voksen. Der er det ikke bare én leder, der er det ei hel bygd som står bak, og som jobber virkelig hardt for å bli best. Dessuten har festivalen et veldig bredt musikkpekter. Det er ingen av de andre som kan by på den bredden de har i Breim*». Vår vurdering er at NCT etter knutepunktstatusen har bygd vidare på denne breidda i program og tilbod gjennom m.a. prosjektet Blågras.

### 2.3 Samarbeidspartar og koordinering

NCT har etter kvart arbeidd seg opp ei god portefølje av samarbeidspartar, dei er aktive og oppsøkjande i miljøet. Vi ser at dei har langsiktige og stabile sponsorsamarbeid. Vi ser også at samarbeidspartane vert fleire i takt med utviklinga av organisasjonen og særleg etter at knutepunktstatus vart gitt. Knutepunktinstitusjonen deltek i ei rekkje lokale, regionale og nasjonale nettverk. Det vert også tatt initiativ til nasjonalt samarbeid t.d. gjennom hospitering og invitasjon til andre festivalar om å gjeste NCT under festivalarrangementet. Internasjonale nettverk er konsentrert rundt USA og Nederland. Her ser vi for oss ei utvikling til andre internasjonale miljø – også som ei hjelp og styrke for nasjonale artistar som vil ut i verda.

Vi saknar sentrale nasjonale countryfestivalar på lista over samarbeidspartar. Vi registrerer at vonbrotet over at NCT vart vald som knutepunkt framfor andre søkjarar har kome til uttrykk og reflekterer over at dette kan vere eit hinder for eit godt samarbeid og koordinering nasjonalt. Vi opplever, og er trygge på at NCT har vilje og evne til å samarbeide med alle aktørar innan countryfeltet. Vi viser her til deira eigenevaluering pkt. 14.

### 2.4 Nasjonal og internasjonal orientering

Festivalen engasjerer artistar som t.d. kjem direkte frå USA for å halde konsert på Breim, ofte som einaste speleplats i Europa eller Noreg. Festivalen nyttar seg av eksisterande arrangørnettverk i Europa og USA, slik at artistane som kjem til festivalen skal kunne kombinere festivalhelga på Breim med andre festival- og oppdrag. Festivalen samarbeider med dei leiande promotorane og nettverka innan sjangeren, og held seg oppdatert på nye artistar både her i landet og utanlands som kan vere aktuelle i programmet. Fleire av artistane på countryfestivalen blir også invitert tilbake fleire gonger.

### 2.5 Nyskapande og utviklingsorientert

NCT har synt både evne og vilje til å vere nyskapande innan sjangeren country, samstundes som dei ulike prosjekta har teke utgangspunkt i lokale ressursar og i mange nasjonale artistar med tilknytning til området. Fire døme på dette:

#### 1 Blågras

Sigrid Moldestad har røtene sine på Breim og vart i fjor for fyrste gong engasjert til å produsere konserten "Blågras", eit 3-årig prosjekt som sprenger sjangergrenser. Sigrid Moldestad møter ei rekkje artistar ei veke før festivalen for å skape ei heilt unik konsertoppleving. Artistane er handplukka med tanke på akkurat denne samarbeidsforma og gjev rom for musikalske element frå både country og folkemusikk, med eit visst nordisk og skandinavisk preg.

#### 2 Barnas Countrytreff

Dette er eit årvisst tilbod for dei aller yngste, med barnehageborn som målgruppe. Artistar som t.d. Ila Auto og Kari Svendsen har varta opp med gode barneprogram særskilt produsert for dei små. At denne publikumsgruppa vert teken på alvor, syner korleis NCT ynskjer å nå eit breiast mogleg publikum.

#### 3 Kyrkjekonserten

At country også høyrer heime i kyrkja er det ingen tvil om. Country har nokre musikalske syskenborn som t.d. gospel, soul og folkemusikk. Ei fullsett Breim kyrkje skapar kvart år ein type musikalsk magi som det er vanskeleg å skildre utan å ha vore tilstades. Dette er ein type konsert som kanskje ikkje alle assosierer med ein countryfestival, men nettopp difor er det kanskje særleg viktig å framheve kyrkja som konsertarena også for countrymusikk.

#### 4 Norsk Countrytalent

NCT ynskjer å nå ut til ungdom som artistar. Festivalen har difor etablert artistmønstringa Norsk Countrytalent som tiltrekkjer seg talent frå store delar av landet. På denne måten

vert det skapt ein arena for unge talent, og fleire av dei påmelde gruppene har arbeidd målretta med nye komposisjonar med tanke på deltaking i konkurransen. Festivalen knyter også til seg ein jury med høg fagkompetanse. Det er viktig å skape ei profesjonell ramme kring denne mønstringa. Dei som gjer det best på Norsk Countrytalent får tilbod om å opptre på neste års festival.

## 2.6 Publikum

NCT har slagordet Country for alle! Gjennom systematisk kartlegging av publikum over tid har dei ei god oversikt over kven som er deira publikum og kven dei i større grad ønskjer å nå. Dei arbeider for å nå dei i nærmiljøet som ikkje kan kome til festivalen gjennom å aktivt oppsøke t.d. eldreinstusjonar. Dei nyttar også nye scener og møteplassar for å nå dei som tradisjonelt ikkje har eit forhold til countrymusikk. Vi vurderer at det er gode strategiar som viser respekt for dei av publikum som ikkje ønskjer å gå på festivalområdet.

Vi viser til NCT sine eigne tal for publikum, der ein har eit besøk på ca. 10 000 på kvar festival. Besøkstalet har ikkje auka etter knutepunktstatusen.

Dei arbeider målretta med å nå flest mulig gjennom marknadsføring og informasjonsarbeid.

Å bruke nye kanalar som sosiale media bidreg til publikumsmessig måloppnåing, særleg er tilbakemeldingane på facebook gledelege. Måten dei nyttar NRK Sogn og Fjordane og deira «Lutt-satsing» til også å gjelde Country-Lutt bidreg til at alle som vil kan oppleve festivalen direkte på nettradio frå kvar som helst i verda.

I tillegg til kvantitative publikumstal viser spørjeundersøkinga i 2010 samt Meisingset sin journalistiske tilnærming til festivalen i 2013 (Kulturbløffen) kvalitative forhold . Dette vert no følgt opp med Stian Vestby si undersøking «Musical gentrification and socio-cultural diversities».

Vi ønskjer å utfordre festivalen i høve til ungdom som publikum. Der ser vi at festivalen har eit potensiale for å auke deltakinga. Vi vil også trekke fram som særleg positivt den innsatsen festivalen gjer for å bruke nye arenaer, gjerne for å bringe countrymusikken ut til folk der dei er, anten det er på aldersheimen eller i sentrum.

## 2.7 Organisering/styring

NCT er ei stifting med valt styre. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune er representert i styret med høvesvis 2 og 1 person med varamedlemer.

NCT er eit dugnadsarrangement med ein hovudkomite med ulike fagpesonar. I tillegg er 2 personar tilsett i 1,5 administrative stillingar.

Dei ulike fagpersonane og hovudstyret sikrar god kunstnarleg aktivitet. I tillegg har NCT utanlandske nettverk og norske kontaktar vert nytta aktivt i samband med artistbooking. Breidda vert presentert ved at lokale, regionale, nasjonale og internasjonale artistar, talent formidlar musikk på ulike arenaer under festivalen.

Rekneskap/årsmelding viser at organisasjonen har tilfredsstillande økonomi. Dei arbeider for å oppnå andre inntektskjelder enn offentlege tilskot og har m.a. etablert:

- Prosjektmidlar frå bankar og andre offentlege instansar
- Sponsorinntekter
- Dugnadsarbeid – ca. 700 frivillige
- 50% av inntektene er billettinntekter

## 3. Tilhøvet til Gloppen kommune

### 3.1 Lokal forankring

NCT vart etablert av lokale eldsjeler som framleis er med i organisasjonen. Festivalen har sidan starten etablert og utvikla eit godt samarbeid med lokale lag og organisasjonar og offentlege etatar og institusjonar. Dette har vore avgjerande for at festivalen har utvikla seg til å kunne bli ein festival med så høg kvalitet som den har i dag. Ca. 700 personar stiller årleg på dugnad og samarbeidet med lag og organisasjonar er etablert på ein slik måte at det har blitt ein vinn – vinn situasjon for partane.

Gloppen kommune har sidan starten stilt seg positiv til festivalen og yter ulike tenester både frå teknisk avdeling, biblioteket, kulturskulen, kulturhuset m.m. og i tillegg har kommunen sidan starten ytt økonomisk bidrag. Festivalen er godt forankra både administrativt og politisk. Gloppen er ein stor festvalkommune og felles for desse er at dei fører til spennande synergieffektar, og ikkje minst NCT er eit godt døme på kulturbasert næringsutvikling og ei verdiskaping som kjem lokalt og regionalt næringsliv til gode.

I tillegg til ovannemnte kan vi nemne at NCT har engasjert seg i ulike samarbeidsprosjekt, lokalt, regionalt og nasjonalt som t.d. Festivalforum i kommunen, Gloppen Scene (alkoholfri scene for ungdom i fylket), Førdefestivalen, Opera Nordfjord, Countryfestivalen i Sjøk, osv.

### *3.2 Utvikling av festivalen*

NCT har hatt ei positiv innstilling til å vidareutvikle festivalen sidan starten og er framleis i ei positiv utvikling. Dei gjev tilbod til alle aldersgrupper, med engasjement og tilbod til barnehagar og eldre på institusjon i tillegg til det tradisjonelle publikum.

Etter at det nye kulturhuset vart tatt i bruk i 2009 har NCT gjort seg stor nytte av dette i form av nytenking og nye arrangement som t.d. opningskonsert i konsertsalen, talentkonkurrans, barnas countrytreff, linedanskurs i dansesalane, countrybibliotek. Festivalen har også engasjert seg i å etablere samarbeid med mange ulike institusjonar for å formidle countrysjangeren.

Festivalen har i si korte levetid som knutepunktfestival vore både innovative og utviklingsorientert i arbeidet med å nå nye publikumsgrupper. Framover har dei eit utviklingspotensiale i å arbeide tettare inn mot kulturskulane slik at countrysjangeren får eit fotfeste der og blir sett på dagsorden.

Det ligg også eit potensiale i å knytte seg til Den kulturelle skulesekken både i grunnskulen og i vidaregåande skule for i sterkare grad kunne sikre countrymusikk ein plass i repertoaret på desse arenaene.

## 4. Regional aktør

NCT har utvikla seg gjennom snart 20 år som ein dugnadsbasert, lokal festival. Det er først som knutepunktfestival dei har stått fram som ein sterk regional aktør, der dei no viser god arrangørkompetanse og kunnskap og vilje til å bidra regionalt. Vi forklarar dette i særleg grad med at ein i samband med knutepunktstatus og arbeidet med å etablere eit kompetansesenter for countrymusikk har vore i stand til å tilsette administrativ leiar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å dra nytte av festivalen sin kompetanse i enda større grad enn i dag. Vi vil bidra til å marknadsføre og nytte festivalen sin kompetanse i samanhengar der dette er naturleg.

Vi ser også at NCT tilfører Sogn og Fjordane ein sjangerbreidde i musikktilbodet som er viktig å ta vidare i ein liten region. Dei gir også eit profesjonelt tilbod til dei Meisingset i undersøkinga si kallar «folk flest». Festivalen bidreg også til god omdømmebygging av regionen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune slutter seg til Gloppen kommune sine vurderingar i høve til festivalen sin verknad i kommunen og for regionen. I eit fylke som har ein desentralisert busetnad og få institusjonar er det viktig å oppretthalde og styrke nokre sterke institusjonar. NCT er ein av desse i Sogn og Fjordane.

## 5. Norsk Countrytreff som knutepunktinstitusjon – avsluttande merknader

Knutepunktinstituttet, slik det står i dag, ser vi på som særns nyttig og ei viktig ordning for NCT. I tillegg til den økonomiske sida av ordninga, og det faktum at det er tufta på ein partnarskapsmodell, gir det festivalen ein status som nasjonal og internasjonal festival.

Samstundes bygger festivalen ein institusjonell kapasitet som er naudsynt for å få musklar og kraft til å bli ein av dei store festivalane. Lokalt og regionalt er òg dette særns viktig fordi kompetanse, nettverk og erfaringar også vert tilført andre deler av kulturlivet, i tillegg skapar det store innrykket av publikum og artistar også positive ringverknader for næringslivet. Difor er knutepunktstatusen særleg avgjerande nettopp for oss.

Festivalen har etablert eit godt og resultatorientert samarbeid med lokale organisasjonar, vertskommune og fylkeskommune. Dette gir festivalen solid tyngde i lokalmiljøet, noko som er ein

føresetnad for å kunne lukkast i gjennomføringa av eit så stort årvisst arrangement. I tillegg gjer knutepunktstatusen det også mogleg oppretthalde ein kontinuitet gjennom heile året når det gjeld å bygge nettverk, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Vi konkluderer med at NCT oppfyller kriteria for knutepunkt. Vi ser likevel at her er utviklingsmoglegheiter i og med at det er ein rimeleg fersk status. Vi ser at dei har utvikla organisasjonen i det vi vurderer som rett retning for å styrke musikken sin posisjon og som ein profesjonell og solid festivalorganisasjon.

Vår vurdering er på bakgrunn av dette at NCT har nasjonal relevans og knutepunktstatusen bør verte vidareført.